



VIDSYN

Introduksjonsavdelinga sitt besøk i biblioteket.....: (12.08.08)

Slik såg dagen ut:

1. Velkommen og presentasjonsrunde: vi samla oss i lokalsamlinga og snakka litt. Eg presenterte meg sjølv og fekk besøket til å sei litt om seg.. Dette var ein fin start. Alle sa litt om kva dei heitte, kva for land dei kom frå, kor dei hadde familien sin for tida, kor dei budde hen no, kor lenge dei hadde vore i Noreg etc. Her var det stor variasjon i gruppa: nokon var nett komen til Fjell/Askøy kommune, andre hadde vore her i nesten to år. Her var folk frå Russland, Uruguay, Palestina, Irak, Somalia og Kongo. Somme snakka godt norsk, andre som nett var komen til landet snakka lite norsk. Somme hadde fleire år bak seg i mottak.
2. Omvisning i biblioteket. Først fekk dei høyre litt om lokalsamlinga der vi sat, så vitja vi Vevstova, ungdomsavdelinga, grupperomma, teikneseriane, utanlands litteratur.. Heile tida brukte dei god tid. Dei lytta og såg og stilte spørsmål undervegs, men det var tydeleg at dei ikkje var vande med ”tradisjonell, norsk” omvisning: praten gjekk høglydt og det var arbeidskrevjande å få heile gjengen til å følge etter meg rundt i biblioteket. Ferda gjekk så vidare til barneavdelinga via kopi- og faksmaskina, aviser og tidsskrift, musikk, dvd’ar, dikt, reisehandbøker, skranke, skjønnlitteratur og fagbøker.
3. Den offisielle Noregsvideoen (dvd). Filmen presenterte Noreg på ein informativ måte, med eit snev av glansbilette. Men han fall i smak og det var kamp om å få låne denne filmen med seg heim etterpå!
4. Lunsj: ferdigsmurte rundstykke, kaffi, te og juice. Intr. avd. ordna mat og juice, biblioteket kaffi/te.

5. Etter lunsj og god prat gjekk alle rundt i biblioteket slik dei ville, for å låne, kikke og bli meir kjend i lokalet.

Eg sit igjen med kjensla av at dette var eit nyttig besøk – både for oss i biblioteket og for dei som vitja oss. Det vart både enklare og kjekkare enn eg på hadde trudd på førehand. Vi kan trygt gjere dette fleire gonger!

Arbeid på førehand:

I mai var biblioteket på besøk i introduksjonsavdelinga for halvanna månad sidan. Der presenterte vi biblioteket ved ei powerpointframsyning.

Introduksjonsavdelinga fekk opp ei bunke med lånekortskjema, slik at vi kunne lage lånekorta ferdig på førehand.

Undervegs var det samarbeid med intr.avd. ang. innhald og program på besøksdagen: vi hadde to møter og nokre telefonsamtalar.

Biblioteket hadde tinga inn nye depo frå Deichman slik at vi hadde ny, spanande litteratur å vise fram.

Anne Mette Lie,
august 2008.